



KI-notat nr.: 49/2011 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Håfoss kraftverk AS/Håfoss kraftverk		
Fylke/kommune:	Hordaland/Etne		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Eirik Bjerke Thorsen	Sign.:	
Dato:	02 SEPT 2011		
Vår ref.:	NVE 200704420 - 24		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Håfoss kraftverk i Etne kommune, Hordaland fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	2
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	12
Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse	15
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	19
NVEs vurdering	24
NVEs konklusjon	29

Sammendrag

Søknaden gjelder tillatelse etter § 8 i vannressursloven til bygging av Håfoss kraftverk i Etne kommune i Hordaland. Søknaden behandles i henhold til reglene i kapittel 3 i samme lov. Det er søkt om tillatelse etter energiloven for etablering av nødvendig høyspentanlegg.

Det søkes om bygging av et minikraftverk som skal utnytte fallet i Håfoss fra kote 47,7 til kote 37. Installert effekt er på 628 kW og anlegget vil gi en årlig middelproduksjon på 4,3 GWh. Det søkes om å drifte kraftverket med slipp av minstevannføring på 1,23 m³/s med unntak av perioden 1. juli – 15. september, da det skal slippes 4 m³/s av hensyn til laksens oppvandring.

Tiltakshaver og søker er interimstyret for Håfoss kraftverk AS, som er et selskap under stiftelse.

Høringspartene er delt i synet på om tiltaket skal få konsesjon. Etne kommune mener tiltaket kan få konsesjon. Fylkesmannen i Hordaland og Norsk Ornitologisk Forening – Hordaland går i mot at tiltaket får konsesjon og viser blant annet til at vassdraget er vernet og at det har status som nasjonalt laksevassdrag. Fylkesmannen påpeker også at det er stor oppgang av ål i vassdraget, en art som er

rødlistet som kritisk truet. En rekke lokale lag og foreninger (Norges Jeger- og Fiskerforbund-Hordaland, Etne Jeger- og Fiskerforening, Håfoss fiskesport, Fagrådet for Etnevassdraget og Etne elveeigarlag) har kritiske merknader til tiltaket og mener det kan gi negative konsekvenser for anadrom fisk i vassdraget.

NVE viser til at kraftverket etter søknaden vil bidra med årlig fornybar energiproduksjon på ca. 4,3 GWh og at dette i noen grad vil styrke det lokale næringsgrunnlaget. I tillegg vil det gi skatteinntekter til kommunen, noe vi ser som positivt. Tiltaket vil imidlertid påføre vassdraget betydelige negative konsekvenser, noe NVE tillegger betydelig vekt i og med at Etnevassdraget både har status som vernet vassdrag og nasjonalt laksevassdrag. I denne forbindelse trekker vi særlig frem tiltakets negative konsekvenser på anadrom laksefisk og ål.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Håfoss kraftverk AS, datert 29.05.2007:

....”

Falleierne ønsker å ruste opp eksisterende kraftverk og utnytte vannfallet i Håfoss i Etneelva, Etne kommune i Hordaland. Det søkes herved, med utgangspunkt i NVEs tillatelse av 19.03.1999 om opprusting av kraftstasjonen, og om følgende tillatelser:

1. Etter vannressursloven , jf. §8, om tillatelse til

|- å bygge nytt Håfoss kraftverk

2. Etter energiloven om tillatelse til

- byggingo g drift av nye Håfossk raftverk, m ed tilhørendek oblingsanleggo g krafllinjer som beskrevet i søknaden.

3. Etter forurensningsloven om tillatelse til

- gjennomføring av tiltaket

Fra søknaden gjengir vi hoveddata for kraftverket:

Håfoss kraftverk, hoveddata		
TILSIG		Hovedalternativ
Nedbørfelt	km ²	129
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	419
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	103
Middelvannføring	m ³ /s	13,29
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	1,23
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	2,9
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,97
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	47,7
Avløp	moh.	37
Lengde på berørt elvestrekning	m	30
Brutto fallhøyde	m	10,7
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,025
Slukeevne, maks	m ³ /s	8,2
Slukeevne, min	m ³ /s	1,2
Tilløpsrør, diameter	mm	1800
Tunnel, tverrsnitt	m ²	
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	30
Installert effekt, maks	kW	628
Brukstid	timer	6799
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,1
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	2,1
Produksjon, årlig middel	GWh	4,3
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	7
Utbyggingspris	kr/kWh	1,64

Håfoss kraftverk, elektriske anlegg		
GENERATOR		
Ytelse	kVA	739
Spenning	V	400
TRANSFORMATOR		
Ytelse	kVA	1000
Omsetning	kV/kV	0,4/22
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)		
Lengde	km	0,1
Nominell spenning	kV	24
Luftlinje		

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Etne kommune har i brev av 5.5.2009 gitt følgende uttalelse fra administrasjonen:

....”

Ber om orsak for at dette har drege ut i tid. Etne kommune har tidlegare gitt administrative fråsegner til kraftverksøknader i denne storleiken, også i Etnevassdraget. Vi har ikkje hatt søknader på mindre enn 12 GWh til politisk handsaming. Vår uttale er no skrevet slik at den kan bli referert i Etne kommunestyre 12.5.09.

Søknaden i Håfoss er på 4,3 GWh. Søkjar er Håfoss Kraftverk AS; eigd av 5 fallrettshavarar på Vad og Grindheim. Tiltaket er ei utviding av tidlegare kraftverk i gamle Etne Bygdemølle, som fekk løyve til opprusting i 1999, men som aldri vart fullført. Det gamle kraftverket er frå 1922 og fungerte fram til 1988. Ny omsøkt slukeevne er på max. 8,2 m³/s; den gamle låg etter sigande på kring 3 m³/s med ein produksjon på 1,7 GWh. Dagens røyrgate på 0,9 m i diameter skal fjernast og erstattast med eit på 1,8 m i kring 30 m lengd. Det vert søkt om tiltak både oppe og nede for å auke fallhøgda noko, til i alt 10,7 m. Nytt inntak vil og krevje nokre ekstra inngrep i høve til dagens. Turbin er tenkt lagt i eit tilbygg på nedre del av gamle bygdemølla, ut mot dei første trinna i laksetrappa frå 1931 (trappa er no dårleg og treng vøling for å betre oppgangen av gytefisk). Det er lagt inn minstevassføring på 4 m³/s i tida 1.7.-15.9, resten av året vil den ligge på alminneleg lågvassføring, dvs 1,23 m³/s. Tiltaket ligg i verna vassdrag /nasjonalt laksevassdrag; delvis i LNF-område og delvis i industriområde i kommuneplanen for Etne kommune. Kraftverket skal koplast til eksisterande 22 kV nett på plassen. Total utbyggingskostnad er rekna til å bli om lag 7 mill. kr., som gir ein pris på 1,64 kr/kWh. Installert effekt er på 628 kW, dvs godt under grensa på 1000 kW, som er det ein kan gi løyve til i verna vassdrag.

Søknaden inneheld informasjon om søkjar, historikk, hydrologi, skildring av tiltaket, verknader for miljø, naturressursar og samfunn, kart, foto og andre vedlegg. I avsnitt om avbøtande tiltak seier søkjar at dei er innstilt på å samarbeide med miljøstyresmaktene, særskilt for å redusere moglege negative verknader for laksestamma. Konsulentfirmaet Rådgivende Biologer AS har skildra og vurdert planane i høve til natur og biologisk mangfald, inkl. konsekvensvurdering oppimot laksefisk. Verknadene for fuglevil ved fossen (hekkande fossefall og vintererle) er oppgitt å bli små.

Vi går ikkje tungt inn i konsekvensutgreiinga her, men konsulentane skriv at verknadene for laksefisk (oppgang, utvandring mm) vil bli relativt moderate. Dei kjem med fleire framlegg til korleis ein kan redusere dødelegheit på utvandrande fisk. Negative verknader kan også reduserast gjennom pålagt minstevassføring, kultiveringstiltak, vøling av laksetrappa, mm. Turbintypen som skal nyttast slepp dessutan mykje meir fisk gjennom anlegget enn mange andre typar. Fleire høyringsinstansar nemner spørsmålet om verknader for laksestamma, så dette kjem til å bli diskutert vidare. Fisketida i Etneelva er 1.6.-10.9. Sjølv om der grunna snøsmelting i fjellet normalt er bra med vatn i elva i juni, vil der også kome periodar med lite vatn. Av omsyn til landskap og oppgang av fisk, bør 4 m³/s i minstevassføring vurderast også for juni. Sidan der i alle høve vil bli noko ulemper med omsøkte planar, meiner vi det også bør vurderast ein kompensasjon i høve til fiskeinteressene, t.d. gjennom eit mindre årleg beløp til kultiveringstiltak i vassdraget.

I høve til landskap og turisme vil verknadene variere gjennom året, alt etter kva vassmengde som går i elva. Ved stor vassføring vil fossen vere lite påverka, sidan slukeevna då er relativt

liten i høve til den totale vassmengda. På lågare vassføring er verknadene større, men minstevassføringa vil avbøte noko i sommarhalvåret. Middelvassføringa i elva er rekna til 13,3 m³/s. Vassføringskurvane syner at der i eit vått år er rundt 12 kortare eller lengre periodar med meir enn 40 m³ vatn/s i elva. Tilsvarende er der i eit middels år rundt 10 periodar over 25 m³/s og i eit tørt år 6-7 periodar over 20 m³/s. Fråføring av vatn er i alle høve oppgitt å ville gi periodevis estetisk ulempe for omgjevnadene, m.a. sett i høve til ferdsløse på E 134. Like fullt vil fossen framleis vere fin i deler av året.

Turbinbygget er ikkje visualisert i søknaden, men er opplyst å bli 5 x 6 m stort, truleg vert det oppimot 7 m høgt i tillegg. Påbygget ser moglegvis ut å kunne leggjast på ut frå vestenda av eksisterande bygg/i nedkant av fossen, heller enn som omsøkt. Omsøkt løysing ligg meir oppe i fossestryket og vil råke nedre del av laksetrappa, moglegvis trengst også sprenging for å få det bygd. Det vil også kome så høgd at det kjem opp mot terrassen som er bygd for turistanlegget/konferanserommet i toppetasjen i bygget. Alternative løysingar bør sjekkast ut i høve til ev. tekniske utfordringar, slik at ein kan sjå nærare på dette i samband med synfaring, ev. detaljplanlegging og byggemelding til kommunen. Industriområdet i kommuneplanen følgjer nordre elvekant, men tilbygget ser i alle høve ut å kome litt ut i elva. Det viktigaste bør vere å finne den beste plassen i høve til omgjevnadene. Inntaket på oppsida av E 134 ligg i LNF-område og vil trenge dispensasjon frå kommuneplanen.

Det ser ut som overlaupsvatn ved inntaket skal sleppast over en kant på tvers av elva si naturlege retning; det bør her vurderast om ein kan vri dette meir i same retning som fossen går i dag. Heving av terskelen med 65 cm må heller ikkje føre til auka fare for flaum oppstraums ved E 134. Slangen som skal nyttast vil etter sigande pressast ned av vasstrykket, men her må då tekniske løysingar sjåast på i høve til ev. driftsstans eller andre problem. I nedkant av fossen er det søkt om seinking av kulp med 50 cm for å auke fallhøgda. Det er i tillegg søkt om utgraving av fiskekulp, steinsetting på sidene og terskel 40-50 m nedanfor fossen. Det aller meste av dette er ikkje påkravd for kraftanlegget, og det må såleis godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland etter lakselova. Kulpen vil kunne gi betre forhold for fiske, truleg og for gyting i nedre del.

Tiltaket vil vere ei særskilt viktig tilleggsnæring for dei 5 involverte gardsbruka. Inntekta for Etne kommune vil særskilt kome via eigedomsskatt, men der er også noko verdiskaping knytt til byggefasen og via auka aktivitet på gardsbruka. Det er ikkje rekna i detalj på inntektene for det offentlege i skattar og avgiftar, men kan hende dreier det seg for Etne kommune sin del om 50 - 100.000 kr. i alt pr. år. Elles er dette med rein kraft også viktig i desse dagar.

Det er viktig å streke under at søkjer er interessert i å ha tett dialog med NVE for å tilpasse kraftplanane i høve til miljøinteressene i området. Felles synfaring med berørte partar (forventa å bli medio juni d.å.) vil vere ein viktig start på denne dialogen. Omsøkt auke i tekniske anlegg og produksjon er relativt stor samanlikna med løyvet i 1999, men det er også rimeleg at planane no syner ein optimal utnytting av ressursane, så får ein heller sjå på behovet for justeringar undervegs.

HOVUDKONKLUSJON:

Håfoss er ein gamal industri- og handelsstad i Etne (med bygdemølle, meieri, sagbruk, stampe, kvernhus, butikkar mm). Der er over 200 års tradisjon for utnytting av kraftressursane i fossen, og det vart i 1999 gitt løyve til opprusting av det gamle anlegget. Mykje av området er framleis regulert til industri og næring. Etne kommune meiner omsøkte planar må sjåast i dette lyset i høve til verna vassdrag, og at dei bør stettast på visse vilkår.

Ein må i vidare planlegging søkje å minimalisere tekniske inngrep som følgjer av utbygginga. God økonomi i prosjektet gjer og at der er rom for noko tilpassingar og avbøtande tiltak, noko

som igjen bør auke sjansen for å få konsesjon. Plassering og utforming av turbinhuset må vurderast nærare, jf merknadene ovafor. Omsøkte sommarvassføring på 4 m³/s synast rimeleg stor, men ein bør vurdere å inkludere juni månad. Trass avbøtande tiltak vil der kunne bli noko konsekvensar for laksefisk. Dette kan avbøtast ytterlegare ved å pålegge ein årleg sum for kultiveringstiltak, m.a. som bidrag til vøling av laksetrapp.

Anlegget må ved inntaket utformast slik at det ikkje gi auka flaumfare oppstraums ved E 134.

I alt vurderer Etne kommune at kraftplanane i Håfoss gir større nytte enn ulempe for samfunnet. Utbygginga gir god lokal verdiskaping og viktige inntekter for dei involverte gardsbruka i høve til å sikre framtidig drift, husdyrhald, busetnad mm.”

Fylkesmannen i Hordaland gir i brev av 5.12.2008 følgende uttalelse:

....”

Fylkesmannen sine merknader til prosjektet

Biologisk mangfald

Tiltaksområdet er ei kort, sørvestvendt og open fossestrekning utan noko utprega fritt fossefall. Dette gjer at det ikkje er venta utvikling av typisk fosserøykvegetasjon som er avhenging av konstant luftfuktigheit. Det er ikkje kjent elvetilknytte eller spesielt fuktavhengige raudlistearter frå området. Det er kjent at det hekkar eit par vintererle og eit par fossekall i eller nær Håfoss, og elva rundt fossen skal vere ein god overvintringsplass for fossekall. Området frå Stordalsvatnet og ned til demninga er skildra som beiteområde for andefugl. Rådgivende Biologer konkluderar i sin rapport med at kraftverket neppe vil ha særleg negativ verknad for desse artane. Fylkesmannen støttar denne konklusjonen.

Fisk

Etneelva er for tida Hordaland sin klart viktigaste laksefiskeelv, og den er verna etter verneplan IV. Den er og nasjonal lakseelv. I slike elver skal det ikkje gjennomførast tiltak som kan få negativ konsekvens for laksebestanden. Eit kraftverk i Håfossen vil kunne gi negativ påverknad på fleire måtar. Den viktigaste er faren for at det kan komme inn fisk i kraftverket. Både smolt og stor fisk skal vandre forbi dette punktet. Det er skissert ein del tiltak for å redusere faren for tap av fisk i turbinen, men desse vil ikkje kunne eliminere faren. Ytterligare tiltak som kunne ha redusert faren, er meir bruk av rister og avledningsskjørt, at kraftverket ikkje kjørast i perioden 1. mai — 15. juni, eller at en som eit minimum sørgjer for ein særskilt stor minstevassføring i den perioden. Til tross for dette vil ein uansett ikkje fullt ut kunne eliminere faren for tap.

Kraftverket vil og kunne redusere mogleheitene for laksen sin gytevandring opp fossen. Her vil ein restaurering av laksetrappa kunne hjelpe godt på. Det er skissert ein auka minstevassføring i fossen i perioden 1. juli — 15. september. Vi meiner oppvandringsperioden kan være lenger og at den auka minstevassføringa bør haldast til 15. oktober. Då vil sannsynligvis ikkje kraftverket i særleg grad redusere oppvandringsmogleheit for gytefisk.

Landskap og inngrep i vassdraget

Den nye rørleidningen vil verte større og meir synleg. Dette er i et område som er godt synleg frå veg. Inntaksdammen vil i seg sjølv innebere eit betydelig inngrep i elveleiet. Den vil fordre ein større demning og eit større område vil bli oppdemma. Kulpen over fossen vil bli vesentleg endra. Også dette er i eit godt eksponert område frå veg. Dette inngrepet må sjåast som betydelig tatt i betraktning at dette er eit verna vassdrag.

Det er lagt opp til å senke kulpen nedanfor fossen og justere elvebotnen og kulpen sin utforming. Det er og lagt opp til en utfylling langs begge elvebredder for tilrettelegging for

ferdsle og fiske. Vi meiner kraftgevinsten ved senking av kulpen ikkje kan forsvare eit så betydelig inngrep i elveleiet i eit verna vassdrag. Det synes ut frå søknaden som om noko av føremålet er å lage nye standplassar for fisk og fiskeplassar for fiskare. Dette er søknadspliktige tiltak som ikkje kan handsamast i samband med denne konsesjonssaken. Dette gjeld og de i søknaden omtalte tiltaka langs elvebredda.

Konklusjon

Fylkesmannen kan ikkje anbefale at det blir gitt konsesjon til Håfoss kraftverk. Dette er først og fremst grunna i omsynet til den viktige laksestammen i eit nasjonalt laksevassdrag. Avbøtande tiltak som er skissert i søknaden kan ikkje sjåast på som tilstrekkelig for å hindre skader på laksestammen. Vi har skissert ein del ytterligere tiltak, men er i tvil om sjølv dette vil vere godt nok. Vi meiner og at dei skisserte tiltaka dels er unødvendige og dels for store i forhold til kraftgevinsten, når dette ligger i hovudstrengen i eit verna vassdrag.”

Statens vegvesen, Region vest, har i brev av 11.11.2008 sendt følgende tilbakemelding:

....”

Av konsesjonssøknaden går det fram at ny røyrgate skal på tilsvarende måte som eksisterande røyr i tre, først gjennom brukar til bru på E134. Tilløpsrøyrret er foreslått senka ved bruk av saging i fjell. Arbeid må ikkje utførast før arbeidsopplegg i detalj er godkjent av Statens vegvesen.

Ved Håfoss er det aktuelt med utbetring av E134, men korleis dette skal gjerast er ikkje planavklart. Slik røyrgata er plassert, kan vegvesenet bli påført ekstra kostnader, men truleg ikkje vere til hinder for vegutbetring.

Statens vegvesen må bli involvert når byggeplan for røyrgata skal utarbeidast.”

Norsk Ornitologisk Forening, avd. Hordaland, gir i brev av 29.11.2008 følgende uttalelse:

....”

Norsk Ornitologisk Forening (NOF) avd. Hordaland har behandlet søknaden og har følgende merknader:

Vi ser av kartleggingen av biologisk mangfold at den berørte elvestrekningen har både fossekall og vintererle hekkende i området. Dette er som kjent de to fugleartene som i størst grad påvirkes av slike utbygginger. Sett i lys av at dette er et vernet vassdrag vil vi i NOF-Hordaland tilrå at søknaden ikke innvilges. Det er for tiden stort press på slike mulige elvestrekninger med tanke på utbygging. Vi er av den oppfatning at det derfor vil være fornuftig å unngå denne typen utbygginger i vernede vassdrag. Det er heftet stor usikkerhet til i hvor stor grad bestanden av fossekall og vintererle vil bli skadelidende av slike utbygginger. Utbyggingstakten øker imidlertid og ettersom denne typen kraftutbygginger gjennomføres i den takten vi har sett til nu vil vi anbefale at det på dette tidspunkt ikke vil være fornuftig å innlemme vernede vassdrag i slike utbygginger.

NOF-Hordaland vil også vise til det igangsatte arbeidet med utarbeidelse av fylkesdelplan for små vasskraftverk. Dette arbeidet er igangsatt i Hordaland og er forventet ferdigstilt høsten 2009. Vi mener derfor at så lenge dette arbeidet pågår bør en unngå å innvilge ytterligere søknader da dette kan vise seg og være i strid med konklusjonene som vil fremkomme i det slutførte arbeidet med fylkesdelplanen.

NOF-Hordaland vil også vise til NOF's sentralorganisasjon som nylig har publisert sin rapport vedrørende slike utbygginger og mulige konflikter. Rapporten er tilgjengelig på internett på

følgende lenke: <http://www.birdlife.no/prosjekter/nyheter/?id=277>. Det er her også pekt på betydningen av avbøtende tiltak som i særlig grad bør implementeres i forbindelse med utbygging.

NOF-Hordaland ber om at søknaden ikke innvilges med bakgrunn i at dette er et vernet vassdrag og at området samlet sett har stor verdi.”

Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland, gir følgende tilbakemelding i brev av 1.12.2008:

....”

Norges Jeger- og Fiskerforbund - Hordaland (NJFF-Hordaland) viser til søknad om bygging av Håfoss kraftverk i den varig verna Etneelva i Etne kommune i Hordaland. NJFF-Hordaland representerer jegerene og sportsfiskerene i Hordaland, og vi har 5918 betalende medlemmer fordelt på 26 lokallag i Hordaland pr 1.12.08.

Norges Jeger- og Fiskerforbund - Hordaland vil påpeke at Etnevassdraget er ei svært viktig lakse- og sjøaureelv, ikke bare i fylket, men også nasjonalt sett. Særlig betydelig har fisket etter laks vært, med årsfangster på flere tonn. Den er da også av Stortinget fastsatt til et nasjonalt laksevassdrag, som skal gi ekstra beskyttelse mot blant annet tekniske inngrep. Ytterligere et hovedpoeng er at kraftverket representerer et inngrep i et verna vassdrag (verneplan IV), som i tillegg er fylkets viktigste lakse- og sjøaurevassdrag.

Et annet viktig moment er at kraftverket vil gi lite ny strøm på nettet, mens de tekniske inngrepene (senking av kulp nedenfor fossen, bygging av inntaksdam ovenfor fossen etc) derimot representerer mulige store negative påvirkninger for de ville bestandene av laks og sjøaure i Etneelva. Strekningen ovenfor fossen inkl. vatnet representerer store gyte- og oppvekstområder for laks og sjøaure, og det må forventes at området produserer mye smolt.

Som det går fram i den biologiske rapporten fra Rådgivende Biologer A/S så er vannføringen i elva ved Håfoss i mai måned ofte mindre eim slukeevnen på 8,2 m³/s, j.fr. figur 2 i rapporten. Det er vanligvis i mai måned mesteparten av lakse- og sjøauresmolten går ut av vassdragene her på Vestlandet, og man risikerer at en betydelig del av disse da vil gå tapt i turbinene. Det samme vil i enda større grad gjelde for vinterstøinger av laks og sjøaure som vandrer ut om våren på grunn av deres større kroppsstørrelse enn smoltens, noe som gir større dødelighet gjennom turbinene. Det er stor fare for at utvandrende fisk (smolt og støinger) i denne perioden vil søke vannstrømmen til kraftverket på 8,2 m³/s i stedet for den foreslåtte minstevannføringen i fossen på 1,23 m³/s. Erfaringer fra mange andre inntak i vatn viser at det er vanskelig å forhindre at smolt og støinger å gå inn i inntakstunnelen.

Redusert vannføring om høsten, særlig etter 15. september, vil trolig også gjøre oppvandringen vanskeligere for gytefisk av laks og sjøaure.

Konklusjon: *NJFF - Hordaland går sterkt i mot at det blir gitt konsesjon til bygging av Håfoss kraftverk. Dette på grunn av faren for en svært negativ virkning på bestandene av anadrome laksefisk i det varig vemed Etnevassdraget. Prosjektet vil gi skadevirkninger som på ingen måte står i samsvar med den ubetydelige nye kraftproduksjonen prosjektet eventuelt vil medføre.”*

Etne jeger- og Fiskerforening sendte følgende uttalelse i brev av 1.3.2009:

....”

Etneelva er eit verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag, og, ein bør difor vera varsam med naturinngrep. Lakse- og aurestamma i vassdraget er sårbar og blir prøvt forvalta i samsvar med dette. Etnevassdraget er også viktig i nasjonal samanheng og er det viktigaste i Hordaland.

Etne Jeger- og Fiskerforening er i utgangspunktet ikkje motstandar av omsøkte tiltak så lenge konsesjonskrav tar tilstrekkeleg omsyn til lakse- og aureinteressene i vassdraget. Det må stillast krav i eventuelle konsesjonsvilkår kva for avbøtande tiltak som tiltakshavar må tilfredsstille for å redusere – og aller helst eliminere – ulempene kraftverket vil skape.

Etter å ha gjennomgått søknaden og rapporten frå Rådgivande biologar har vi fleire merknader og spørsmål:

- *Kva har det seg at tiltakshavar ikkje har tatt kontakt med Fagrådet, Etne elveeigarlag, EJFF og andre som blir påverka av prosjektet?*
- *Kvifor har ikkje tiltakshavar kome med forslag om avbøtande tiltak? Det er mange tiltak som kan vera aktuelle, slik som:*
 - *Etablere laksetrapp og montere teljeapparat og/eller undervasskamera*
 - *Bidra med straum og vatn til klekkeriet*
 - *Montere tavle ved fossen som til ein kvar tid syner vassmengd*
 - *Årleg økonomisk bidrag til kultiveringsarbeid i vassdraget*
- *Ein av utbyggerane er brukt som bevis for kor lita vassføring laksen treng for å gå opp fossen. Det er etter vår meining lite tillitsvekkande.*
- *Vi er nervøs for at forslag til minstevassføring er sett for lågt. Vi meiner det må grundigare undersøkingar til for å fastslå forsvarleg nivå for minstevassføring.*
- *Vi er uroa over at det kan bli vanskeleg for laksen å kome opp fossen på låg vasstand når terskelen blir heva. Grundigare vurderingar/undersøkingar må til.*
- *Det må vurderast om det skal vera særskilte krav til drifta i tida støing og smolt slepp seg ned elva.*

Alle desse merknader og spørsmål viser at det står att mykje arbeid før vi kan ta endeleg stilling til prosjektet. Vi ynskjer synfaring med NVE til sommaren og det må utarbeidast detaljplanar.

Evaluering av prosjekt etter eventuell utbygging må også vera med i eventuelle konsesjonsvilkår.”

Håfoss Fiskesport v/Åge Grindheim, skrev følgende uttalelse i e-post av 28.2.2009:

....”

Våre konkrete merknader til kraftprosjektet er følgende:

Ein stiller seg sterkt undrande til at vårt føretak overhodet ikkje er nevnt, verken i lista over alle berørte parter i samband med høringa og at ein ikkje er nevnt i samband med sjølve søknaden, tenker då særleg under punkt 3.7. ”Brukerinteresser”. Etter å ha studert søknaden nøye kan det tyda på at ein bevisst er utelete og det er skuffande.

Når det gjelder det konkrete anleggsprosjektet sin innverknad på vår virksomhet er det følgjande forhold ein er opptatt av:

- Bygge/anlegget kor turbinen kommer er det ikkje levert teikningar som tydelig viser verknaden for omgivelsane. Det som me er opptatt av er at dette ikkje blir for høgt og dermed øydelegger utsikten til elva, laksetrappa og fossen frå Terrassen og Konferanserommet.
- Støynivået frå anlegget er også viktig for vår verksemd. Det står ingen detaljer om dette. For høgt støynivå vil hindre vår verksemd.
- Håfoss Fiskesport skal sommaren 2009 setta opp web-kamera mot fossen og undervannskamera i trapp og hovedkulp og det er då viktig at det blir teke omsyn til dette ved kraftverksplanane.

Vil samstundes komme med følgjande merknader til søknaden og rapporten frå Rådgivende Biologer: Hovedinnvinginga her er at underteikna stiler seg undrande til at Rådgivende Biologer kan bruka Steinar Grindheim, som er styreleder i samband med søknaden og er kontaktpersonen til kraftverksplanane, som "sannhetsvitne" på fleire konklusjonar i rapporten. Dette svekker rapporten etter vårt syn. Då det er konstatert følgjande faktafeil: Det blir påstått at det ikkje er turistar eller besøkande som stopper for å sjå fossen. Dette er helt feil. Jf. innleiinga vår her som var grunnlaget for prosjektet Håfoss Fiskesport. Det blei konstatert besøkande i 2 "kategoriar". Kategori 1: Turistar som er på gjennomreise eller bur på dei næraste campingplassane, stoppa både borte ved Furulund og ved Mølla og gjekk på brua og filma og tok bilde av fossen og når laksen hoppa. Kategori 2: Fiskarar frå andre delar av elva kom opp til Håfoss for å sjå fossen og om laksen var i aktivitet. Det blir ein estetisk forringelse av fossen ved å bortlede vatnet.

Underteikna satt fast på Håfoss frå 1987 til 1994 og har frå 1995 drevet verksemda fram til den dag i dag. Dette kan også daglig leder på Etne Bygdemølle AS, Vidar Børretzen, bekrefte.

Ang. vannstand og vandring av laks:

Etter skadene på trappa blir det påstått at særlig smålaksen vandra lettare opp fossen, dette er faktafeil. Etter skadene på trappene så har det blitt mindre laks ovanfor fossen. Det blir påstått at laksen vandrar opp på 3 m³/s. Det er lite og ingen vandring av laks på mellom 3 og 5 m³/s. Ein må over minst 6-8 kubikk for å få brukbar vandring av laksen opp til gyteområdene ovanfor fossen. Underteikna ser ingen grunn til at tidligare konklusjonar skal endras, dvs. over 8 kubikk vassføring. Det er litt påfallande at Steinar Grindheim har hatt observasjonene som skulle tilsei noko anna. Kan bl.a. fortelja følgjande at underteikna er hyppig ved elve- og fossekanten, særleg om sommaren. Det pussige er at underteikna har ikkje opplevd at Steinar Grindheim har vore langs elvekanten. Dette utelukker sjølvsagt ikkje at S. Grindheim har vore der, men det forteljar noko om hyppigheita og grunnlaget for hans konklusjonar.

Vår konklusjon er følgende:

Ein er positiv til planane om det blir teke omsyn til utsikt frå Terrasse og Konferanserom og at det blir teke omsyn til støynivå. I tillegg at det tas omsyn til planane om bruk av kamera, jf. tidligare orientering. Og at dei biologiske betraktningane blir revurdert, det går på: Minstevannstand for optimal vandring av laks. Første laksane som er observert ovanfor fossen er normalt rundt 15.-23. juni. Slik at vannstand for april, mai og juni er og viktig sidan det i søknaden er satt 1,23 kubikk. I tillegg til oppvandring i juni tenker ein også på når fiskeyngel og støing slepper seg på fossen for vandring til havet. Viser til egen uttale frå Fagrådet for Etnevassdraget.

Etne Elektrisitetslag sendte følgende tilbakemelding i brev av 17.4.2009:

....”

Kraftliner

Etne Elektrisitetslag er områdekonsesjonær. Konsesjonæren er kontaktet og har sagt seg positiv til tiltaket. Nettselskapets eksisterende forsyning til mølla, på 230 V dobbel EX luftlinje (merket 2 i vedlegg 6.4), er tilknyttet 22-kV-nettet i trafoen Håfoss II (364) på 100 KVA (merket med rød trekant i 6.4.). Luftledningen erstattes med ny 24 kV luftlinje, og transformatoren oppgraderes.

Høyspentanlegget vil bli bygget og driftet av nettselskapet, og de er inneforstått med at en avtale skal inngås.

Etne Elektrisitetslag vil og komma med følgende opplysningar:

Anlegget ligger slik til (rett over elva i forhold til kraftverket) at det ikkje er nødvendig med forsterkingar av eksisterande 22 kV anlegg pr. d.d. Då dette er på enden av ein avgang må utbyggar kosta utbygginga sjølv. Dette inneberer at utbyggar må stå for kostnadane med ein ny kiosk med nødvendig utstyr pluss bygging av ei ny 22 kV linje (kabel) frå enden av vår eksisterande 22 kV linje og fram til kraftverk. Det må inngåast avtaler om nettilknytning, driftsavtale og kraftleveranse.

Etne Elektrisitetslag har ellers ingen merknader til utbygginga.”

Fagrådet for Etnevassdraget sendte følgende uttalelse i brev av 8.5.2009:

....”

Etnevassdraget er eit verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag, der ein på generelt grunnlag bør vere varsam med nye naturinngrep. Laksestamma i vassdraget er sårbar og blir for tida forvalta i tråd med dette. Etnevassdraget er det viktigaste laksevassdraget i Hordaland, og blant dei viktigaste på Vestlandet. Fisketida er frå 1. juni til 10. september. Fangsttala har for dei siste åra har ligget rundt 3.000 kg pr. sesong.

Det er frå før gitt fornya løyve til opprusting av det gamle kraftanlegget i Etne Bygdemølle. Omsøkte tiltak utgjer ei monaleg utviding av dette løyvet, men tiltaket er framleis under 1 MW i effekt, som er øvre grense for kva som kan gis løyve til i verna vassdrag.

Planlagt utbygging vil berøre delar av dagens laksetrapp. Det er naturleg at dette vert kompensert for, dersom det vert gitt konsesjon.

VEDTAK:

Fagrådet vil ikkje gå imot omsøkte tiltak, dersom ein i vidare planlegging og gjennom konsesjonskrav tek tilrekkjeleg omsyn til lakseinteressene i vassdraget, samt at det kompenserast for den ulempa som følgjer med eit elvekraftverk av denne storleik. ”

Etne Elveigarlag v/Vidar Børretzen, uttalte følgende i e-post av 14.5.2009:

....”

Me beklagar at me på grunn av skifte av formann i Etne Elveigarlag har forsømt innsending av merknader til nemde sak innan fristen.

Me har teke del i prosessen i Fagrådet, og kan kort melda at me gir vår tilslutning til dei merknader som kjem fram i brev frå Fagrådet og frå Etne Jeger og Fiskeforening.”

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i e-post av 15.6.2010 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

....”

Mottatte høringsuttalelser, oppsummering av og kommentarer til hovedproblemstilling.

Uttalelser er mottatt fra:

- *Etne kommune (EK) (datert 05.05.09)*
- *Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelingen (FMHO) (05.12.09)*
- *Statens vegvesen Region vest, Haugaland og Sunnhordland distrikt (11.11.08)*
- *Etne Jeger- og fiskeforening (01.03.09)*
- *Norsk Ornitologisk Forening, avd. Hordaland (NOF-H) (29.11.08)*
- *Norges Jeger- og Fiskerforbund, avd. Hordaland (NJFF-H) (01.12.08)*
- *Håfoss Fiskesport (HF) (28.02.09)*
- *Fagrådet for Etnevassdraget (08.05.09)*

Hovedproblemstillingen i uttalelsene er prosjektets konsekvenser for laksen. Etneelva er vernet som nasjonal lakseelv, jf St.prp. nr. 79 (2001-2002) Om opprettelse av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder og Innst. S. nr. 134 (2002-2003). Uttalelsene uttrykker bekymring for om prosjektet vil være til skade for laksestammen. Det stilles spørsmålstegn ved om utbyggingen vil kunne hindre laksens oppvandring for å gyte, og ved tapet av smolt gjennom turbinen ved smoltens utvandring til sjøen. Vesentlige innvendinger knyttet til fisk kommer fra FMHO som er i tvil og ikke vil anbefale konsesjon, og fra NJFF-H som går imot å innvilge konsesjon. De øvrige høringsinstansene går inn for konsesjon under visse forutsetninger, bortsett fra NOF-H som går imot grunnet biologisk mangfold.

Søker viser til vedlagte notat fra Rådgivende Biologer AS (RB) ”Kommentar til høringsmerknader for Håfoss Kraftverk”. Det fremgår at det er ”ikkje sannsynleg at drifta av Håfoss kraftverk vil hindre laksen i å kome seg opp til gyteområda ovanfor fossen”, og at det beregnede smolttapet ved utvandring på maksimalt 0,3 - 0,6 % av elvas bestandsnivå ”vil ikkje merkast på bestandsnivå”.

Søker mener at konklusjonen i St.prp. nr. 32 2006–2007 Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder, som sier at ”Kraftutbygging som ikke har nevneverdig negativ betydning for laksen kan gjennomføres i nasjonale laksevassdrag”, er relevant. Søker har også planlagt for å ”unngå skadevirkninger for villaksen gjennom tilpasninger”, og synliggjort at man er innstilt på å samarbeide om evt. nødvendige kompensasjonstiltak.

Søker vil videre påpeke at det opprinnelige kraftverket ble etablert i 1922. Laksetrappen, som gjorde at oppvandring og gyting ovenfor Håfoss ble aktuelt, ble etablert i 1931. Hovedproblemstillingen i høringsuttalelsene knytter seg dermed til en ikke naturlig og ikke opprinnelig andel av bestanden som kan utgjøre inntil 5 – 10 % av den totale produksjonen av laksesmolt i vassdraget, men som ut fra siste års registreringer antas å være mindre enn dette (jf. RB).

Øvrige kommentarer til høringsuttalelsene

Fisk

Oppvandring av gytefisk: flere av uttalelsene påpeker at utbyggingen kan hindre oppvandring ved at vannmengdene endres og ...trappene

- Laksetrappen er over tid endret gjennom flommer, og har behov for opprusting for at den skal fungere optimalt – uavhengig av kraftutbyggingen. Søker er innstilt på å bidra i dette arbeidet ut fra de endrede rammebetingelsene utbyggingen skaper.
- Minstevannføring og oppvandringsperiode: det er flere innspill til nivå på minstevannføring i oppvandringsperioden, og til periodens utstrekning. Det fremmes ulike erfaringer og synspunkter, hvor forskningsbasert kunnskap og felles referanse for synspunktene mangler.
- RB mener planlagt regime ikke vil ha vesentlige negative virkninger. De hevder det vil være tilstrekkelig mange dager med god nok vannføring. Videre hevder de at tidspunkt for start av oppvandring er temperaturavhengig, og at laksen ikke passerer Håfoss før vanntemperaturen er 15 gr C. I rapport (Waatevik og Bjerknes 1985) blir det sagt at i enkelte spesielt kalde år vil det være få eller ingen laks som passerer Håfoss. Dette tilsier at vide og rigide grenser for perioden med økt minstevannføring vil være et lite treffsikkert tiltak, som også kan svekke prosjektets økonomi vesentlig.
- I søknadens pkt 3.4.2 fremgår at "Kraftverket vil nøye justere inn og regulere vannmengdene som tas ut til kraftverket etter fortløpende observasjon av forholdene for oppvandringen." Vannstands- og temperaturmåler vil bli installert som grunnlag for dette. Det forutsettes et godt samarbeid med fiskeforvaltningen om observasjoner og evalueringer knyttet til laksens vilkår og sammenhengen med driften av anlegget. Det vises til at søker er et selskap fullt ut eid av fallrettshaverne, lokale gård- og grunneiere. Eiernes lokale tilknytning og tilknytning til fiskeforvaltningen, både privat og næringsmessig, gjør at det vil være en selvsagt som ivaretar denne intensjonen. Det antas at konsesjonsmyndigheten angir de tekniske og juridiske bindinger som anses nødvendige for å ivareta de forpliktelser som skal hvile på konsesjonæren.
- Dersom det blir gitt tillatelse til å senke kulpen nedstrøms for å øke fallhøyden, blir spranget opp i trapp 1 høyere, noe prosjektet vil kompensere for med nødvendige fysiske tiltak knyttet til trappen.
- Søker er også innstilt på samarbeid om utbedring av laksetrappen. Det vil øke produksjonen av laksesmolt ovenfor og kompensere for tap av smolt i turbinen.
- Det vises for øvrig til at den potensielle produksjonen av laksesmolt ovenfor Håfoss ikke er naturlig, men hjulpet av laksetrappene, og at den i flg RB kan antas til en viss grad å fortrenge storaure. Betydningen av dette er ikke berørt i noen høringsuttalelser.

Utvandring av smolt

- Rådgivende Biologer AS har beregnet at tapet av smolt maksimalt vil utgjøre 0,3 – 0,6 % av bestanden (utenom kultivering), eller 125 – 250 laksesmolt. Tilsvarende er tallene for sjøaure maksimalt 1,5 % eller opp mot 300 smolt. Registreringer tyder på at dagens produksjon ligger langt lavere enn optimalt, og at potensielt tap derfor er lavere.

- *For å redusere omfanget av smolt som går i inntaket og gjennom turbinen er damkronen planlagt hevet 65 cm, samtidig som inntakskonusen med varegrind sprenges noe ned i fjellet. Inntaket vil med dette bli inntil 1,5 m under overflaten hvor smolten i hovedsak går. Dette er en dyrere og mer omfattende løsning enn nødvendig for kraftverket alene, og vil redusere andelen smolt som går i turbinen vesentlig. Ytterligere senkning av inntaket kan være vanskelig grunnet gjennomføringen under brua, hvor Statens vegvesen er skeptisk til sprenging og meisling. Det er derfor også viktig å holde på høyden på damkronen, da en senkning vil redusere overvannet ved inntaket. Sammen med gitter ved utløpet av turbinen utgjør disse forholdene de viktigste avbøtende tiltak ved prosjektet.*

Biologisk mangfold

- *Det finnes et hekkende par av både vintererle og fossekall i eller i nærheten av Håfoss. NOF-H påpeker at disse artene er de som i størst grad påvirkes av slike utbygginger, og ber om at søknaden ikke innvilges med bakgrunn i at vassdraget er vernet og at området samlet sett har stor verdi.*
- *Rådgivende Biologer og FMHO mener kraftverket neppe vil ha særlig negativ virkning for de to artene.*

Landskap og inngrep

- *Inntak: Inntak og rørgate vil slik det er planlagt ikke gi vesentlig større visuelle inngrep enn dagens anlegg. Rørgaten vil ikke ligge høyere enn i dag.*
- *Kulp nedstrøms vil senke utløpet og øke fallhøyden og kraftproduksjonen: Denne delen av prosjektet blir av EK beskrevet som "eit betydelig inngrep i elveleiet i eit verna vassdrag", som ikke kan forsvares av kraftgevinsten. Søker mener dette tiltaket med riktig detaljutforming vil være en tilrettelegging for laksens levekår og gyting i nedre del, og ikke større enn andre inngrep de siste årene. Det kan ses som et kompensierende tiltak som gir gode gyteplasser og en god standplass for oppvandringen, samtidig som det gir økt kraftproduksjon. Det gir også potensiale for økt tilrettelegging for fiske. EK påpeker at dette siste må planlegges av relevant aktør og godkjennes på riktig måte. Det kan dermed anses å ligge utenfor konsesjonssøknaden.*
- *Rørgata berører E134 og brukaret, Statens vegvesen påpeker at arbeid ikke må utføres før de har godkjent detalj-opplegget. Søknaden er i tråd med dette. Søker vil ta initiativ til å involvere vegvesenet når byggeplan for rørgata skal utarbeides.*

Annet

- *Turbinhusets høyde: Håfoss Fiskesport benytter konferanserommet i toppetasjen i "produksjonsbygget" til tidligere Etne Bygdemølle til sin næringsvirksomhet. EK og HF er redd at turbinhuset vil bli så høyt at det kommer i konflikt med utsikten fra konferanserommet eller terrassen utenfor. Søker mener dette er lite trolig, da byggets høyde forventes å bli 3,5– 4,5 m over turbinsenter, godt under halve høyden til konferanseetasjen. Terrassen går også 3 - 4 m ut fra vegglivet på produksjonshuset, slik det fremgår av bilde i uttalelsen fra Etne kommune.*
- *Støy: HF håper støynivået fra turbinhuset ikke blir for høyt, og ønsker at prosjektet tar hensyn til næringsvirksomheten i "produksjonsbygget". Kaplan-turbiner er saktegående og støysvake, og støy har ikke vært et problem ved tilsvarende installasjon*

i nabofylket. Det vil også være noe støy fra fossen. Bygget kan om nødvendig støyisoleres.

- *EJFF og HF undrer seg over hvorfor søker ikke har kontaktet dem, fagrådet, elveeierlaget og andre som blir berørt av prosjektet. Søker kan dokumentere at de nevnte organisasjoner og andre berørte ble kontaktet pr epost da søknaden ble sendt ut på høring. I tillegg har det vært direkte løpende kontakt med leder av elveeierlaget og fagrådet. Dette førte til at kraftverksplanene ble innarbeidet i Driftsplan for Etnevassdraget som ble vedtatt mars 2007.”*

Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse

Rådgivende biologer har kommentert innkomne høringsuttalelser på følgende måte i brev av 5.6.2009:

....”

Håfoss Kraftverk v/Steinar Gindheim har førespurd Rådgivende Biologer AS om å kommentere innkomne høyringsssvar i samband med melding om bygginga av kraftverket med bakgrunn i at Rådgivende Biologer AS har utarbeidd konsekvensvurdering for biologisk mangfald ved eventuell utbygging (Kålås og Johnsen 2007).

Høyringsvara som er knytt til fiskeproblematikk går i hovudsak på at utvandrande fisk (smolt og støingar) frå områda ovanfor Håfossen i Etneelva skal hamne i inntaket til kraftverket, og problematikk knytt til oppvandring av fisk i fisketroppa i Håfossen.

Bakgrunn

Håfoss Kraftverk har planlagt å utnytte eit fall på 10,7 meter i Håfossen, og maksimum slukeevne i kraftverket er 8,2 m³/s. Det er planlagt ei minstevassføring over dammen på 4 m³/s i perioden 1. juli til 15. september, og 1,23 m³/s resten av året, det siste er også alminneleg lågvassføring. Gjennomsnittleg årsvassføring ut av Stordalsvatnet er 13,3 m³/s. I mai, då smolten vandrar ut, er snittvassføringa vel 17 m³/s, og i perioden frå 15. september til ut oktober er snittvassføringa 18,5 m³/s. Maksimum slukeevne i kraftstasjonen på 8,2 m³/s betyr at det i smoltutvandringsperioden i gjennomsnitt vil gå meir vatn over dammen enn gjennom kraftstasjonen, tilsvarende vil det gjere i perioden før gyting. Restvassføringa over dammen vil variere frå dag til dag, og mellom år alt etter smelting og nedbør. Med utgangspunkt i vassføringsdata frå perioden 1913 - 2008 ville det med drift av kraftverket bli minstevassføring på 1,23 m³/s over dammen i 1,5 % av dagane i mai. Tilsvarende ville det vore vassføring på meir enn 8,2 m³/s over dammen 97,5 % av dagane i mai dersom det gjekk 8,2 m³/s gjennom kraftverket.

Etnevassdraget har om lag 13 km med lakseførande elvestrekning, av denne er det ca. 0,9 km (7 %) elvestrekning frå oppsida av Håfossen og til Stordalsvatnet. Dei øvste 0,3 km er ei stor elvelone med roleg straum, og det er noko usikkert i kva grad det blir produsert laksesmolt i denne lona. Ein kan rekne med at produksjonen av laksesmolt skjer på elvestrekningane. Ein del sjøauresmolt kan ha deler eller heile oppveksten i innsjøane i vassdraget, Stordalsvatnet og Litlevatnet, i tillegg til dei som har heile oppvekstperioden på elvestrekningane. Anadrom fisk kan gå 1 km oppover Stordalselva ovanfor Stordalsvatnet, men ved tidlegare fiskeundersøkingar vart det funne svært låg tettleik av lakseungar på denne strekninga, og det er usikkert om det går opp laks eller sjøaure og gyt her (Kålås og Johnsen 2007).

Det har vorte lagt ut lakseeegg i Stordalselva ovanfor anadrom strekning med vekslende tilslag fram til 2008. Ved elektrofiske i desember 2008 var det likevel svært låg tettleik av laks på det

området der det hadde vorte lagt ut egg (Urdaal mfl. 2009, i trykk). Det er ikkje lenger Etnelaks i "Levande genbank", framtidig kultivering med eggutlegging må difor baserast på fangst og stryking av laks i elva, eller flytting av gytelaks. Med godt tilslag vil denne om lag 2 km lange elvestrekninga ovanfor anadrom del kunne gje eit tillegg til den totale produksjonen av laksesmolt i vassdraget på anslagsvis vel 5 %, men det er usikkert i kva grad dette området vil bli brukt til kultivering i framtida.

Det er berekna eit produksjonspotensiale på ca. 50 000 smolt på elvestrekningane i Etnevassdraget, inkludert på strekninga mellom Håfoss og Stordalsvatnet (Urdaal mfl. 2009, i trykk), og ein kan anta at 40 000 (80 %) av desse vil vere laksesmolt. Under føresetnad av at det er tilstrekkeleg med gytelaks som passerer Håfoss, kan denne strekninga oppom fossen utgjere 5-10 % av den totale produksjonen av laksesmolt i vassdraget, eller 2000 - 4000 smolt. Etter elektrofiske på ein stasjon ovanfor Håfoss i desember 2008 vart det berekna at lakseungane utgjorde 87 % av ungfisken, men fisketettleiken var her relativt låg (Urdaal mfl. 2009, i trykk). Dette kan indikere at det var relativt få gytelaks oppom Håfoss i 2006 og 2007. All smolt som veks opp ovanfor Håfossen må passere fossen under utvandring, som i hovudsak skjer i mai.

